
Statsforvaltaren i Vestland

FØREBELS TILSYNSRAPPORT

Varsel om vedtak i tilsyn med kommunens systematiske arbeid med skulemiljøet og elevane sitt utbytte av opplæringa.

Sak 2026/15179



Postadresse:
Statsforvaltaren i Vestland,
Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Telefon:
+47 57 64 30 00
Org.nr.:
NO 974 760 665

E-post:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Internett:
www.statsforvalteren.no/vestland/

Innhald

1 Om tilsynet 4
1.1 Tema for tilsynet 5
1.2 Val av tilsynstema og vår risikovurdering 5
1.3 Oppsummering av våre funn 7
1.4 Gjennomføringa av tilsynet 7
2 Overordna om internkontroll og barnets beste 7
2.1 Kravet til internkontroll 7
2.2 Omsynet til barnets beste og retten til å bli høyrd 7
3 Overordna om våre observasjonar og vurderingar 8
4 Kommunen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa 8
4.1 Regelverk 8
4.2 Våre observasjonar og vurderingar 9
5 Kommunen si plikt til å arbeide førebyggjande med skulemiljøet 12
5.1 Regelverk 12
5.2 Våre observasjonar og vurderingar 12
6 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å følgje med 16
6.1 Regelverk 16
6.2 Våre observasjonar og vurderingar 16
7 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å gripe inn 19
7.1 Regelverk 19
7.2 Våre observasjonar og vurderingar 20
8 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å melde frå 22
8.1 Regelverk 22
8.2 Våre observasjonar og vurderingar 23
9 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å undersøke 25
9.1 Regelverk 25
9.2 Våre observasjonar og vurderingar 26

10 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å sette inn tiltak 28
10.1 Regelverk 28
10.2 Våre observasjonar og vurderingar 29
11 Oppsummering 31
12 Varsel om pålegg om retting 31
13 De kan gje tilbakemelding på rapporten 33
14 Generell informasjon 34

1 Om tilsynet

Vi fører tilsyn med Ulvik herad og Brakanes barne- og ungdomsskule. Vi har fått skriftleg dokumentasjon og gjennomført intervju i kommunen den 19. og 20. oktober 2026.

Dette er eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16.

Kort om kommunen og skulen

Ulvik herad ligg inst i Hardangerfjorden og har 1117 innbyggjarar (SSB per 2. kvartal 2026). Kommunen har ein grunnskule med 141 elevar skuleåret 2025-26. Skulen har hatt ein auke i elevtalet dei siste åra. Går vi attende til skuleåret 2020-21 var elevtalet 115.

Kommunen sin administrasjon er leia av ein kommunedirektør. Under kommunedirektøren finn vi tre resultateiningar, som kvar er leia av ein kommunalsjef. Kommunalsjef for oppvekst har delegert mynde frå kommunedirektøren og har Brakanes barne- og ungdomsskule under seg i linja.

Skulen har ein rektor i 100 prosent stilling, ein assisterande rektor i 60 prosent stilling og to lagleiarar (ressurs to timer i veka) som samla utgjer leiinga på skulen[1]. Det er 24 lærarar og ti assistentar som arbeider ved skulen (GSI skuleåret 2025-2026).

Det har vore ein del utskiftingar i leiinga av skulen i tilsynsperioden. Då vi opna tilsynet var rektor i stillinga og assisterande rektor hadde permisjon. Den 4. oktober fekk vi informasjon om at skulen framover ville bli leia av ein fungerande rektor i 80 prosent stilling. 1. november opplyste kommunen til oss at kommunalsjef oppvekst midlertidig trer inn i stillinga som rektor, medan stillinga blir utlyst.

Brakanes barne- og ungdomsskule deltok i Utdanningsdirektoratets *Oppfølgingsordning* i perioden 2020-23. Kommunen deltek no i programmet på nytt frå hausten 2025 og fram til våren 2028. Ordninga er eit statleg verkemiddel som skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunar og skular, slik at dei kan nå måla for opplæringa. Det er Utdanningsdirektoratet som identifiserer kommunar som får tilbod om å delta i ordninga[2]. Skulen har identifisert klasseleiing som satsingsområde i haust. KS-konsulent[3] er involvert i dette arbeidet.

Vi får opplyst i intervju med kommunalsjef og tilsette på skulen at det har vore jamn utskifting av pedagogisk personale over tid, og vidare at det har vore ustabilitet i skulens leiing.

[1] Dette går fram av dokumentet «Administrativ organisering ved Brakanes skule – frå skuleåret januar 2025» signert rektor 5. januar 2025.
[2] Kva er oppfølgingsordninga: Hva er oppfølgingsordningen? | udir.no
[3] KS Konsulent | Vi skaper varige løsninger for fremtidens kommuner

1.1 Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er kommunens systematiske arbeid med skulemiljøet og elevane sitt utbytte av opplæringa. I tilsynet har vi undersøkt om kommunen og skulen oppfyller krava i opplæringslova.

For å kunne vurdere dette har vi undersøkt om kommunen og skuleleiinga har internkontroll som er systematisk og tilpassa arbeidet med skulemiljøet og elevane sitt utbytte av opplæringa. Vi har sett nærare på ansvars- og oppgåvefordelinga mellom kommunen og skulen, om tilsette veit kva oppgåver dei har, og om dei har ei felles forståing av rutinar og regelverk. Vi har vidare sett på om vi avdekker manglar i etterlevinga av regelverket, og om kommunen og skuleleiinga følger opp at oppgåvene blir gjennomførte som planlagt.

Tilsynet vårt er avgrensa til temaa over. Våre vurderingar og konklusjonar er ikkje ei generell vurdering av skulens praksis utover dei temaa vi har undersøkt.

1.2 Val av tilsynstema og vår risikovurdering

Eit godt læringsmiljø er både ein opplæringsrett og ein føresetnad for god læring. Resultat frå *Elevundersøkinga* til Utdanningsdirektoratet viser at det er ein tydeleg samanheng mellom elevane sitt læringsmiljø og elevane sine læringsresultat. Høg motivasjon og trivsel med medelevar, fråvær av mobbing, ro i klassen og eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø gjer at elevane presterer betre[4].

Opplæringslova har reglar som beskriv kvalitet i opplæringa og som pålegg kommunen å tilpasse opplæringa til elevane og sikre miljøet til elevane. Kvalitet er ikkje eit eintydig omgrep, men i vår samanheng blir kvalitet ofte forstått ut frå omgrepa strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Strukturkvalitet beskriv ytre føresetnader i organisasjonen, som organisering, ressursar og kompetansen til personalet. Prosesskvalitet beskriv på si side innhaldet i opplæringa og handlar om korleis opplæringa blir gjennomført i praksis, relasjonar, leiinga og kultur for læring. Resultatkvalitet er det kommunen ønskjer å oppnå med skuletilbodet, til dømes at elevane opplever læring, trivsel og danning. Dei tre kvalitetstypane heng saman. Til dømes kan dei tilsette og deira utdanning og kompetanse (strukturkvalitet) verke inn på samspelet mellom elevane og dei vaksne (prosesskvalitet), som vil ha innverknad på elevane sin trivsel og læring (resultatkvalitet)[5].

Ser vi på ulike kvalitetsindikatorar for Brakanes barne- og ungdomsskule viser tilgjengelege resultat frå Elevundersøkinga at kommunen dei tre siste skuleåra har lågare skåre enn nasjonalt på nær alle indikatorane over tid. På same måte viser tilgjengelege resultat frå nasjonale prøver i lesing og rekning på 5. og 8. trinn at kommunen har prosentvis fleire elevar på det lågaste meistringsnivået enn nasjonalt fleire av dei siste skuleåra.

[4] «Skap eit læringsmiljø med rom for å prøve og feile», artikkel per 14. mars 2022, udir.no. Skap et læringsmiljø med rom for å prøve og feile | udir.no
[5] «Hva er kvalitet?», artikkel per 31. juli 2024, udir.no. Hva er kvalitet? | udir.no

Brakanes barne- og ungdomsskule har òg ein negativ skulebidragsindikator skuleåra 2022-23, 2023-24 og 2024-25 på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Dette er ein indikator som forsøker å måle kva skulens innsats betyr for elevane sine læringsresultat, justert for at skular og kommunar har eit ulikt elevgrunnlag.

Statsforvaltaren har behandla eit tosifra tal saker som gjeld elevars skulemiljø ved skulen dei to siste skuleåra. I alle sakene har vi konkludert med eit eller fleire brot på regelverket i opplæringslova som gjeld elevane sitt skulemiljø. Vi har varsla kommunen om tvangsmulkt i fleire av sakene. Vi gjorde vedtak om tvangsmulkt seinast i oktober 2026. Vedtak om tvangsmulkt er det sterkaste verkemiddelet vi har i slike elevsaker.

Kommunelova har reglar om kommunens eigenkontroll. Kommunen skal mellom anna ha eit kontrollutval som på ulike måtar skal føre kontroll med kommunens verksemd. Kontrollutvalet kan krevje at kommunen legg fram opplysningar som utvalet finn nødvendig for oppgåveløysinga si.

I saksprotokoll frå møte i Ulvik kontrollutval den 24. september 2025[6] går det fram at administrasjonen har orientert utvalet og svart på spørsmål etter «varsel i høve arbeidsmiljø for tilsette og elevar på Brakanes barne- og ungdomsskule». Det går fram at «Bedrifthelsetenesta sin konklusjon er at det er brot på AML § 4-1 og § 4-3». I protokoll frå møte i kontrollutvalet den 13. november 2025 står det at utvalet ønskte å legge til ein merknad til saka:

> *- Sak 13/25 Utvalet ønskjer at dette punktet vert teke med i protokollen:*
>
> *"Arbeidsmiljøet på skulen er prega av låg tillit til leiinga og låg psykologisk tryggleik. Mange tilsette opplever at det ikkje nyttar å varsle fordi leiinga anten bagataliserer varselet ved at det som vert varsla om ikkje vert teke på alvor eller oppmodar tilsette om å ikkje melde avvik, med grunngjeving i at det vert meldt på feil måte."*
>
> *Teksten er henta frå presentasjonen "Status arbeidsmiljø Brakanes skule 2025"*

Det er òg slik at kommunen som ein del av sin eigenkontroll skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd, for å sikre at reglane i mellom anna opplæringslova og opplæringsforskrifta vert følgde[7]. Det er kommunedirektøren som er ansvarleg for internkontrollen. Men i praksis er ansvaret for internkontroll ofte delegert ned på einingsnivå.

Statsforvaltaren skal på bakgrunn av ei vurdering av risiko for regelverksbrot og konsekvensen av dette, føre tilsyn med om kommunen oppfyller plikter etter opplæringslova og forskrift, og plikta til å ha internkontroll etter kommunelova[8].

Dette er bakgrunnen for at vi gjennomfører tilsyn med kommunens systematiske arbeid med skulemiljøet og elevane sitt utbytte av opplæringa.

---

[6] Kontrollutvalet - Ulvik kommune
[7] Kommunelova § 25-1, https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83/§25-1
[8] Opplæringslova § 29-2, https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§29-2

1.3 Oppsummering av våre funn

I tilsynet har vi funne forhold som vi meiner kan vere brot på regelverket vi har undersøkt.

Vi har avdekt manglar knytte til mellom anna vurdering av elevane sitt utbytte av opplæringa, det førebyggjande arbeidet med skulemiljøet, plikta til å følgje med, gripe inn, melde frå, undersøkje saker og setje inn eigna tiltak i skulemiljøsaker.

Dokumentasjonen og intervjua viser at praksisen varierer mellom tilsette, at fleire plikter ikkje er tilstrekkeleg innarbeidde, og at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at krava i opplæringslova blir oppfylte.

1.4 Gjennomføringa av tilsynet

Vi sende brev om tilsyn den 27. august 2026 og fekk skriftleg dokumentasjon frå kommunen og skulen 21. september. Kommunen ettersendte ytterlegare dokumentasjon 9., 13., 24. og 25 oktober. Vi besøkte kommunen den 19. og 20. oktober. Vi intervjua då kommunalsjef for oppvekst, fungerande rektor, og fleire tilsette. Vi har i tillegg gjennomført intervju med representantar for elevane, foreldregruppa og tilsette i kommunen som ikkje har fast arbeidsstad på skulen.

Nedanfor gjer vi greie for regelverket, vår forståing av faktum, våre førebelse vurderingar og varslar om moglege reaksjonar. Føremålet med dette førehandsvarselet er at de kan gje tilbakemelding. På bakgrunn av ei eventuell uttale frå dykk vil vi sjå på våre vurderingar på nytt før vi gjer vedtak.

2 Overordna om internkontroll og barnets beste

2.1 Kravet til internkontroll

For å sikre at krava i opplæringslova med forskrift blir følgt, skal kommunen ha internkontroll. Kravet er eit viktig element i kommunen si leiing og styring, jf. kommunelova § 25-1. Oppgåver knytt til internkontroll vil vanlegvis vere delegert til den enkelte skule, men kommunedirektøren er ansvarleg for at skulen følgjer regelverket.

Rektor må leggje til rette for at dei tilsette blir sett i stand til å arbeide med elevane sitt skulemiljø og utbytte av opplæringa i samsvar med regelverket. Dette inneber at rektor må ha gjort det klart kva ansvar den enkelte har. Rektor skal sørgje for at tilsette har ei felles forståing av rutinar og regelverk, og at dei er kjend med korleis dei skal gjennomføre oppgåvene. Leiinga må jamleg følgje med på at regelverket blir følgt, og sørgje for at brot både blir rapportert og følgt opp. Dersom regelverket knytt til elevane sitt utbytte av opplæringa og aktivitetsplikta ikkje blir oppfylt, må leiinga gjere nødvendige justeringar for å endre praksis.

2.2 Omsynet til barnets beste og retten til å bli høyrd

Ved handlingar og avgjerder som gjeld elevar, skal det som er best for eleven vere eit grunnleggjande omsyn. Elevane skal bli høyrde og har rett til å ytre meningane sine fritt, og det skal

leggjast vekt på meningane etter alder og modning, jf. opplæringslova §§ 10-1 og 10-2. Vi har snakka med representantar for elevane, og har lagt vekt på kva dei har uttalt til oss. Elles legg vil til grunn at det beste for elevane er at regelverket i opplæringslova blir følgt.

3 Overordna om våre observasjonar og vurderingar

Våre førebelse vurderingar er basert på dokumentasjon frå kommunen og skulen, foreldrerådets arbeidsutval (FAU) og andre tilsette i kommunen. Vidare har vi basert oss på svara de har gitt i eigenvurderinga, og informasjon frå intervjua vi gjennomførte i kommunen 19. og 20. oktober 2026.

Det går fram av dokumentet *Internkontroll for grunnskulen – etter opplæringslova 2024* at rektor har fått delegert oppgåver med internkontroll på fleire område i opplæringslova, mellom anna retten til opplæring, skulemiljø, elevmedverknad, tilpassa opplæring, individuell tilrettelegging, vurdering, fråværsoppfølging.

Vi har fått tilsendt eit avkryssingsskjema datert 13. september 2026, der rektor i tilsynsperioden har kryssa av for om skulen oppfyller ei rekkje kontrollpunkt når det gjeld tilsynstemaet. Rektor vurderer at alle 39 kontrollpunkt er oppfylte, for fire av desse er det også kryssa av for «delvis».

I kommunens årshjul for oppvekstsektoren[9] i 2026-2027 er det lagt inn tre stopp-punkt som nemner internkontroll under kolona for skule. Kommunalsjef for oppvekst stadfestar i intervju at punkta om internkontroll er lagt inn i årshjulet no i haust. Kommunalsjefen forklarar også i intervju at «Me har ikkje noko skjema som seier at «slik skal skulen gjer det». Internkontrollen har delvis vore at eg har vore veldig tett på.»

4 Kommunen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

4.1 Regelverk

Plikta til å følgje med på utviklinga til elevane og melde frå til rektor

Lærarane skal følge med på utviklinga til elevane, og melde frå til rektor dersom dei er i tvil om ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 11-2. Kva som er «tilfredsstillande utbytte av opplæringa» er ein pedagogisk-fagleg vurdering som skulen gjer. Lærarane må, som ein integrert del av opplæringa, vurdere arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø for elevane. Skulen/lærarane må vurdere om endringar i ein eller fleire av desse faktorane kan bidra til å auke eleven sitt utbytte av opplæringa. Rektor er ansvarleg for at lærarane gjer dette.

[9] «Gjeld skule, barnehage, helsestasjon, skulehelseteneste, PPT, barnevern, Spira lågterskel», skriv kommunen.

4.2 Våre observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål

Følgjer lærarane med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa?

Våre observasjonar

Vi har fått tilsendt ulike dokument som skal vise korleis skulen arbeider systematisk med å følgje med på og sikre elevane sitt læringsutbytte. Kommunen har mellom anna laga ein plan for arbeid med språkutvikling, lesing og læringsstrategiar for barn og elevar frå 0 år til og med 10. klassesteg. «Planen skal vere eit verktøy for tilsette i barnehage og skule til å skapa samanheng, setja tydelege mål, og sikra systematikk i arbeidet med språk, lesing og læring – i tråd med lokale behov og nasjonale mål.» Dette skriv kommunalsjef oppvekst som har signert planen i 2025.

Skulen har òg dokumentet *Kartleggingsrutinar Brakanes skule* frå mai 2025. Her er det lista opp kva kartleggingar og prøver skulen skal gjennomføre på dei ulike årsstega. Det er lagt inn kolonnar i dokumentet for når faglærar og kontaktlærar skal ha drøfta oppfølging og evaluert eventuelle tiltak. Når det gjeld å følga opp elevar står det i planen at: «Elevar som ikkje "heng med" må fylgjast opp vidare. Ein må t.d. ta opp att bokstavkunnskap i 2. og ev. 3. klasse om det viser seg at eleven ikkje har automatisert dei.»

Det går fram av dokumentasjonen som vi har fått at skulen frå skuleåret 2024-2025 har ein plan for å tilby elevar intensiv opplæring i lesing eller anna styrking på 2.-4. trinn. Det gjeld opplæring som bokstavkurs, lesekurs eller styrking i matematikk. Vidare er det sendt inn døme på halvårsvurdering av elevar i fag, orden og åtferd, og utfylt førebuingsskjema til utvikingssamtale. Her har elevane også kryssa av for ulike spørsmål om skulemiljøet. Elles viser lærarane på småsteget til at dei gjennomfører elevsamtale med elevane minst ein gong i halvåret. Dei bruker verktøyet *samtaleblome* der elevane skal markere på spørsmål om trivsel og deira syn på læringsmiljøet.

Skulen har eit *ressursteam*[10] som kan ta i mot saker frå skulen for drøfting. Sakene kan ha to moglege konklusjonar: «Her kan konklusjonen være å gå rett til førsamtale/drøftingsmøte om å tilmelda PPT, eller ta ein ny runde med utprøving av tiltak». Dette går fram av modellen *tilvisingstrappa*, som vi forstår er eit dokument som PPT står bak. Dei første fasane i trappemodellen er arbeid med godt læringsmiljø og tilpassa opplæring, kartleggje og sette inn tiltak, før tilmelding til ressursteamet. Ei lærargruppe fortel i intervju: «Me har ei trapp me har fått frå PPT som seier korleis me skal gå fram. [Vi] skal prøva ulike tiltak, og viss det ikkje fungerer, så melder me til PPT.»

Det er sendt inn eit døme på tilmelding frå ein kontaktlærar til ressursteamet på skulen. I dette tilfellet skildrar læraren elevens faglege og sosiale utfordringar og kva tilpassingar eleven har fått i

[10] Det går fram av dokumentet Administrativ organisering ved Brakanes skule at ressursteamet er sett saman av ressursteamleiar, rektor, PPT, Spira og eventuell lærar.

fag. Det står i meldinga at føremålet med tilmeldinga er å få ei vurdering av om eleven skal meldast til PPT.

Ei lærargruppe skriv i eigenvurderinga at rektor vert gjort merksam på mistanke om at elever ikkje har utbytte av ordinær opplæring.

Ei anna lærargruppe skriv i eigenvurderinga

> *Me gjev beskjed til rektor dersom me er i tvil om utbyte av opplæringa for elevar. Me har ikkje nødvendigvis opplevd at leiinga har kapasitet til å følgje opp sakene våre. Me har rutinar for ressursteam og skjema for tilmelding til ressursteam, men det kan gjerne vere korte fristar til møte og uklart kva som skal skje etter møte. Oppfølging i ettertid skjer gjer[n]e ikkje.*

Når vi spør tilsette i intervju om dei har jobba i fellesskap med kva det vil seie å ikkje ha tilfredsstillande utbytte av opplæringa seier fleire av lærargruppene at det har dei ikkje gjort i fellesskap, og at det er opp til kvar enkelt lærar.

Både elevar, lærarar og fungerande rektor på skulen peikar på ein opplevd samanheng mellom elevane sitt skulemiljø og elevane sitt utbytte av opplæringa.

I samtale med elevrepresentantane kjem det fram døme på at nokre lærar har tilrettelagt med varierte og praktiske oppgåver i opplæringa, for eksempel stikkball med matematikkspørsmål. «Nokre lærarar gjer det sånn, men det er ikkje så mange. Kontaktlærar [N.N.] ser problemet [med mykje slossing og bråk]», og difor hadde dei mykje fysisk opplæring på eit tidlegare årssteg. Det kjem også fram døme på forsøk med belønningssystem i klassen om elevane jobbar godt, men at det ikkje har fungert etter føremålet: «Fungerer ei lita stund, men [dei] har prøvd heilt sidan 1. klasse». Elevane seier at det er mange elevar som slit med å henge med i opplæringa og ein elev fortel at hen har mest lyst til å bytte skule fordi hen ikkje lærer nok. «Det er kaos». På spørsmål om elevane har prøvd å seie i frå blir det forklart at «Tja, det berre er sånn. [Det] hjelper ikkje å seie i frå, det er så stort.»

Ein lærar fortel i intervju at det er «Mykje læretid som går vekk fordi det er så mykje som skjer, at me skal vera nøgde viss me får 50 prosent læretid. Så det er nok mange [elevar] som veit at dei ikkje kjem til å få læretid.»

Vi ber fungerande rektor i intervju om å beskrive situasjonen på skulen, når det gjeld elevane sitt skulemiljø og arbeidet med elevane sitt utbytte av opplæringa. Vi får forklart at «Eg vil seie at elevane sitt utbyte er for lågt fordi det går vekk for mykje tid på elevåtferd.»

Rektor og kommunalsjef for oppvekst viser i eigenvurderingane til at skulen har rutinar og praksis for å følgje med på om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa og viser til vurderingspunkt som til dømes kartleggingar, nasjonale prøver, halvårsvurdering og elev- og utviklingssamtalar. Vidare er tilmeldingsrutinar til ressursteamet, samarbeid med Spira barne- og familieeining og tilmelding til PPT døme på rutinar og praksis for å følgje opp elevar som skulen er bekymra for. Intensiv opplæring på 2.-4. årssteg for elevar som står i fare for å ikkje har forventa progresjon i lesing, skriving og rekning og arbeid med «Plan for språk-lese og lærinsgstrategi» blir vist til som praksiseksempel.

Men kommunalsjef skriv også:

> *Skuleeigar vurderer det slik at skulen ikkje har tilstrekkeleg tydelege og oppdaterte planar for vurdering. Skuleeigar vurderer dette som eit område som må prioriterast. Planane for vurdering må reviderast og oppdaterast slik at dei gir tydelege føringar for vurderingsarbeidet og bidreg til ein meir felles praksis. Det må også vere tydeleg korleis informasjon frå vurderinga skal brukast til å justere opplæringa og følgje opp elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte.*

Skuleeigar ønskjer å arbeide vidare med sju utviklingsområde for å styrke vurderingspraksisen på skulen, står det.

Samla vurdering og konklusjon

Dokumentasjonen viser at skulen har fleire strukturar og rutinar for å følgje med på elevane si faglege utvikling.

Vi vurderer at desse strukturane legg til rette for å identifisere elevar som kan ha behov for ekstra oppfølging. Tilvisingstrappa og rutinane for ressursteamet viser også at skulen har system for å drøfte bekymringar knytte til elevar sitt læringsutbytte, og for eventuelt å involvere PPT.

Samtidig er det etter vårt syn uklart korleis skulen sikrar oppfyllinga av plikta lærarane har til å melde frå til rektor dersom dei er i tvil om ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Rektor er medlem av ressursteamet, men vi kan ikkje sjå at det er etablert ein tydeleg framgangsmåte for direkte melding til rektor i slike tilfelle.

Vidare legg vi vekt på at lærarane i intervjua opplyser at dei ikkje har arbeidd med kva som ligg i omgrepet «tilfredsstillande utbytte av opplæringa» i fellesskap, og at vurderinga i stor grad blir overlaten til den enkelte lærar. Dette aukar risikoen for ulik praksis og ulike tersklar for når det blir meldt frå om bekymring.

Etter regelverket skal lærarane, som ein integrert del av opplæringa, vurdere om forhold ved arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø kan påverke eleven sitt utbytte av opplæringa, og om endringar i desse forholda kan bidra til eit betre læringsutbytte. Vi kan ikkje sjå at skulen har sikra ei felles forståing av denne plikta, eller at det finst ein etablert praksis for slike vurderingar.

I denne samanhengen legg vi også vekt på opplysningane frå elevar, lærarar og fungerande rektor om at utfordringar i læringsmiljøet over tid har ført til redusert læringstid og påverka elevane sitt utbytte av opplæringa. Trass i at denne utfordringa er kjend, kan vi ikkje sjå at skulen har dokumentert eit systematisk arbeid der dei vurderer om endringar i læringsmiljø, arbeidsmåtar eller vurderingspraksis kan bidra til å styrkje elevane sitt utbytte av opplæringa.

Vi merkar oss dessutan at skuleeigaren sjølv vurderer at skulen ikkje har tilstrekkeleg tydelege og oppdaterte planar for vurderingsarbeidet, og at det er behov for å utvikle ein meir felles praksis for korleis vurderingsinformasjon skal nyttast til å justere opplæringa og følgje opp elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte.

Det er vår vurdering at regelverket ikkje er oppfylt på dette området.

5 Kommunen si plikt til å arbeide førebyggjande med skulemiljøet

5.1 Regelverk

Plikta til å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helse, inkludering, trivsel og læring

Alle som jobbar på skulen, skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 12-3. Lærarane skal vidare fremje ei positiv samhandling i klassemiljøet. For å få til dette må lærarane ha nødvendig kompetanse og tilstrekkeleg tid. Skulemiljøet skal verke positivt på helse, inkludering, trivsel og læring, på tryggleik og sosial tilhøyrsle. Arbeidet skal strekkje seg lenger enn å hindre krenkingar, og det må omfatte haldningar, verdiar, undervisningspraksis, relasjonar og leiing.

5.2 Våre observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål

Jobbar skulen kontinuerleg for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø?

Våre observasjonar

Det er krav om at skulen skal arbeide kontinuerleg for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Måler med dette arbeidet er å førebyggje at forhold som inneber at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø oppstår. I det førebyggjande arbeidet må skulen også rette merksemda mot forhold av meir strukturell karakter. Til dømes må skulen jobbe for å motarbeide rasisme, kjønnsdiskriminering og andre former for diskriminering på eit meir systematisk plan, og som ikkje nødvendigvis alltid kjem til uttrykk ved konkrete krenkingar, som del av det førebyggjande arbeidet til skulen. Førebyggjande tiltak kan setjast i verk på ulike nivå i skulen.

Rektor viser i eigenvurderinga til at alle hovudstega på skulen har laga ei rutine dei kallar «God start». Rutinedokumenta er like i oppbygginga for årsstega, men med litt tilpassa innhald. Tema som vert omtalt er organisering av oppstart av skuledagen, første time og avslutning av skuledagen. Det er mellom anna formulert forventningar til oppstilling, helsing på elevane, innlevering av mobiltelefon og rydding i klasserommet. Det står òg om føring av fråvær og kor lærarane skal skrive inn halvårsvurdering.

Skulen har livsmeistringsprogrammet «Livet og sånn» på barnetrinnet og ART på ungdomstrinnet. Skulen skal no byte til programmet Mitt val[11] «Det er no bestemt at me skal byta til Mitt val etter

[11] «*Mitt Valg – et undervisningsprogram som har som mål å utvikle elevers sosiale og emosjonelle ferdigheter.*», Mitt Valg

nyttår om me får til eit kurs for lærarane den 04.01.(planleggingsdag)», skriv rektor i eigenvurderinga.

Det blir også vist til at skulen har praksis for å lage klassereglar saman med elevane og at skulen har orden og åtferdsreglement. Ei tilsettgruppe som vi snakka med forklarar at tilsette ikkje alltid er lojale mot reglar som skulen har bestemt:

> *Ein er ikkje alltid heilt lojale mot dei reglane som er bestemte. Me ser til dømes at nokre lærarar gir lov til noko som andre ikkje gjer. Manglande lojalitet til reglane går utover skulemiljø. Desse reglane er skriftlege. Me har hatt nye som har kome inn, som ikkje veit om dette. Nokre gonger er det tilsette som berre står og ser på at elevar bryt reglane.*

I etterkant av tilsynsbesøket i kommunen har vi fått tilsendt dokumentet *Plan for eit positivt læringsmiljø på Brakanes skule*, frå 2018. Ei av lærargruppene viser i eigenvurderinga til at denne planen forankrar arbeidet dei gjer. Kommunalsjef for oppvekst opplyser at dette dokumentet er under revidering i dag.

Om arbeid med standarane for hovudstega skriv ei lærargruppe i eignevurderinga «me opplever at arbeidet med standarane går veldig seint, me måtte arbeide med same tema i mange omgangar, og i løpet av førre skuleår fekk me jobba ferdig 1,5 standard.»

I intervju fortel ei lærargruppe at det har vore mykje snakk om å jobbe med klassemiljøet, «men sjølve arbeidet har vore mykje individuelt klassevis (...)meir overordna, så opp til ein sjølv kva ein gjer vidare».

Kommunen og skulen har ulike tverrfaglege team som har i oppgåve å støtte opp om kommunens og skulens førebyggjande arbeid. I skulens møteoversikt står det at skulen har eit skulehelseteam som har møter etter oppsett plan. Vi får opplyst i intervju at det ikkje har vore møte i skulehelseteamet dette skuleåret, og at gruppa ikkje er aktiv eller har fungert etter hensikta.

Spira blei etablert 1. januar 2025 som eit tiltak i samband med kommunens førebyggjande oppvekstplan for 2026-2030[12]. Tiltaket skal vere eit tverrfagleg lågterskeltilbod for hjelp og rettleiing til mellom anna skulen i kommunen. Når vi spør tilsette om kva *Spira* er for noko får vi forklart at «Det er ein abstrakt struktur for mange.»

Kommunalsjef for oppvekst skriv om skulens systematiske arbeid for å fremje eit positivt skulemiljø i eigenvurderinga. Det blir vist til at samarbeidet med skulehelsetenesta, ART (Aggression replacement training) og innføring av programmet «Det er mitt val» vil gi skulen fleire strukturerte arenaer for førebyggjande arbeid. «Samtidig er det viktig at desse tiltaka blir sett i samanheng og inngår i ein felles praksis, slik at arbeidet ikkje blir fragmentert eller avhengig av enkeltpersonar.» Kommunalsjefen skriv òg:

[12] «Planen er eit resultat av barnevernreforma som tredde i kraft 01.01.2022 og som gav meir ansvar til kommunane. Difor regulerer planen fyrst og fremst barnevernet. Men for å kunna realisera planen krev det god samhandling hjå alle som er involvert i barn og unge sitt oppvekstmiljø.», jf. planens forord oppvekstplan-2026-2030.pdf

Skuleeigar vurderer at skulen har behov for å styrkje det systematiske arbeidet med å fremje positiv samhandling i klassemiljøet. Det er mykje godt arbeid i dei enkelte klassane, men skuleeigar vurderer at praksisen i for stor grad kan vere avhengig av den enkelte læraren og det enkelte klassetrinnet. Det er derfor behov for å utvikle ein meir felles og systematisk praksis ved skulen.

Kontrollspørsmål

Jobbar skulen med å praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø?

Våre observasjonar

Skulen må jobbe for å praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skolemiljø for alle elevane. Haldningane og praksisen til dei som arbeider på skulen, har mykje å seie for korleis skulemiljøet blir for elevane. Arbeidet med kulturen handlar mellom anna om verdiane, haldningane, normene og praksisen ved skulen. Normer og praksis fastset rammene for kva som er akseptert og ikkje.

På spørsmål om korleis rektor har lagt til rette for eit arbeid som konkretiserer korleis haldningar og verdiar på skulen skal vera svarar ei lærargruppe at dei ikkje har konkretisert i fellesskap kva elevsyn skulen skal ha. Det blir trekt fram at det kan variere frå person til person: «[Det er] Stort sprik her ut frå personleg verdisyn. [Det] Hadde vore lettare om me på skulen hadde hatt ein felles tanke på kva som skal til for at barn kan ha det bra.»

Ei anna lærargruppe fortel også at haldingar og verdisyn kan variere i personalet: «Elevar oppdagar nok at nokre aksepterer ting som andre ikkje aksepterer. [Det] Har blitt spelt inn at me må setja oss ned og diskutera dette, men det har ikkje blitt gjort endå.»

Kommunalsjef for oppvekst stadfestar òg i intervju at kommunen har motteke meldingar som gjeld uro for om skulen har eit samla elevsyn og utøver haldningar og verdiar som bidreg til at elevane ved skulen har eit trygt og godt skulemiljø. Og forklarar at: «Det er eit behov for å jobba med elevsynet, og haldningar til elevar som har utfordringar.»

Samla vurdering og konklusjon

Vi ser at skulen har fleire tiltak som kan bidra til det førebyggjande arbeidet. Skulen har utarbeidd rutinar for ein god start på skuledagen, nyttar program som «Livet og sånn» og AART, og planlegg innføring av «Mitt val». Det ligg også føre ein plan for eit positivt læringsmiljø ved skulen, sjølv om denne er under revidering. Desse tiltaka viser at skulen har merksemd på skulemiljøet.

Samtidig viser våre undersøkingar at arbeidet i stor grad er fragmentert og personavhengig, og ikkje som ein del av ein samla og systematisk praksis ved skulen. Fleire lærargrupper fortel at arbeidet med klassemiljø i hovudsak skjer på det enkelte klassetrinn og at det i stor grad er opp til den enkelte lærar korleis arbeidet blir følgt opp. Dette blir også stadfesta av skuleeigar, som vurderer at arbeidet med positiv samhandling og skulemiljø i for stor grad er avhengig av den enkelte læraren og det enkelte klassetrinnet.

Vi legg vidare vekt på opplysningar frå dei tilsette om at det ikkje alltid er lojalitet til felles reglar og forventningar ved skulen. Tilsette fortel at elevar kan oppleve ulike reaksjonar og ulik praktisering av reglar avhengig av kva lærar dei møter. Etter vår vurdering viser dette at skulen ikkje har etablert ein tilstrekkeleg felles praksis som sikrar at verdiane og normene ved skulen blir omsette til lik handling i kvardagen. Når tilsette ikkje følgjer opp felles reglar konsekvent, svekkjer dette føreseielegheita og tryggleiken for elevane.

Når det gjeld arbeidet med haldningar og verdiar, viser intervjua at skulen ikkje har gjennomført eit systematisk arbeid for å utvikle og forankre eit felles elevsyn hos dei tilsette. Fleire lærarar opplyser at det er store variasjonar i haldningar og verdisyn i personalet, og at det ikkje er utarbeidd eller drøfta i fellesskap kva elevsyn skulen skal byggje på. Ei lærargruppe peikar på at det ville vore lettare dersom skulen hadde ei felles forståing av kva som skal til for at elevar skal ha det bra. Ei anna gruppe opplyser at behovet for slike diskusjonar har vore meldt inn, utan at dette er følgt opp. Kommunalsjefen stadfestar òg at det er behov for å arbeide med elevsynet og med haldningar til elevar som har utfordringar.

Etter vår vurdering viser desse opplysningane at skulen ikkje i tilstrekkeleg grad har lagt til rette for refleksjon, drøfting og utvikling av felles haldningar og verdiar blant dei tilsette. Dette er sentralt for å byggje og halde ved like ein skulekultur som fremjar eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar.

Vi legg også vekt på at det er uklart for oss korleis fleire av dei strukturelle arenaene som skal støtte det førebyggjande arbeidet fungerer. Skulehelseteamet har ikkje vore aktivt dette skuleåret, og det kjem fram uklarheit om rolle og funksjon til den tverrfaglege støttestrukturen Spira. Dette svekkjer etter vår vurdering skulen sitt systematiske arbeid med førebygging og tidleg innsats.

Vi har gjennom tilsynsperioden fått innspel frå forskjellige instansar som gjeld konsekvensane utrygt skulemiljø har fått for einskildelevar. Desse innspela tek opp at utrygt skulemiljø over tid har ført til at elevar har blitt særskilt sårbare. Skulen må i det førebyggande arbeidet forhalda seg til særtrekk ved elevmassen. At elevar har blitt særskilt sårbare som følgje av skulemiljøsituasjonen på skulen er eit forhold som i stor grad bør påverka skulen sitt førebyggande arbeid.

Samla sett viser dokumentasjonen og opplysningane frå intervju at skulen har fleire enkeltståande tiltak knytte til skulemiljø, men at arbeidet manglar nødvendig samordning, forankring og felles praksis. Det er ikkje dokumentert at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk med å utvikle og praktisere felles haldningar og verdiar som fremjar eit trygt og godt skulemiljø. Arbeidet framstår i for stor grad som personavhengig og varierer mellom klassar og tilsette.

Vi vurderer at skulen ikkje oppfyller kravet i opplæringslova om å arbeide kontinuerleg og systematisk for å førebyggje at elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen oppfyller heller ikkje kravet om å arbeide aktivt med haldningar og verdiar som fremjar eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar.

6 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å følgje med

6.1 Regelverk

Plikta til å følge med

Alle som arbeider på skulen har etter opplæringslova § 12-4 første ledd plikt til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Plikta gjeld kontinuerleg gjennom heile skuledagen og i alle aktivitetar på skulen, både i undervisninga og i friminutt.

Alle som arbeider på skulen må aktivt observere korleis elevane handlar kvar for seg og seg imellom. Korleis dei tilsette følger med må tilpassast dei konkrete omstenda rundt elevane og ved skulen. Til dømes har elevane sin alder, elevgruppa si samansetjing og forhold ved skuleanlegget betydning for korleis skulen skal følgje med.

Skulen har eit særleg ansvar overfor elevar med ein særleg sårbarheit og elevar i sårbare situasjonar.

6.2 Våre observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål

Følgjer alle sin arbeider på skulen med på korleis elevane har det?

Våre observasjonar

Plikta til å følgje med er nødvendig for at alle som arbeider på skulen skal kunne fange opp, og få mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Plikta gjeld kontinuerleg gjennom heile skuledagen og i alle aktivitetar på skulen. Det gjeld både i undervisninga og i friminutt. Dette gjer at dei som arbeider på skulen ikkje kan seie at de var uvitande om kva som føregjekk, eller ikkje hadde mistanke om at ein elev ikkje hadde det trygt og godt på skulen.

Rektor på skulen viser i eignevurderinga til at skulen har ein vaktplan der kva lærar har sitt område i friminutta. «Om det har vore ein del hendingar, set me inn forsterka vakthald», skriv rektor. Det er også laga ei rutine for vakthaldet i friminutta. Om *korleis* dei tilsette skal følgje med skriv rektor:

> *Me hadde besøk av Sta[t]sforvaltaren på første planleggingsdag i haust der [§] 12-4 var tema. Me har ein laga ein rutine for korleis vera vakt i friminutta, men ikkje spesifikt korleis følger med me på Brakanes skule. Dette er eit arbeid som står på PU-planen vår.*

Ei av lærargruppene skriv at dei har hatt fleire økter på pedagogisk utviklingstid (PU) og planleggingsdagar der dei har arbeidd med ordlyden følgje med og gripe inn, både kva dei legg i det og kva det tyder i praksis. «Guttorm Helgøy har hatt fleire økter i PU om dette temaet». Men det blir òg vist til at skulens inspeksjonsrutinar er frå 2024 og at desse ikkje har blitt minna om eller arbeidd med jamleg, «så mange veit nok ikkje at dei finst».

Ei anna lærergruppe viser mellom anna til at dei gjennomfører Spekterundersøkinga halvårleg. Svara vert gjennomgått og analysert av kontaktlærar, stundom i lag med miljøarbeidar. Elles er hyppige samtalar med elevane, formelle og uformelle, med på å avdekke korleis elevane har det. Handlingsplan mot vald og trugslar har vore tema i pedagogisk utviklingstid der dei har analysert og reflektert over ulike situasjonar som kan oppstå i timar og friminutt.

Ei tredje lærargruppe skriv også om at «Det vert lagt særleg vekt på å følgje opp elevar som er sårbare eller står i krevjande situasjonar.»

Når vi spør fagarbeidarane i intervju om dei har fått opplæring i aktivitetsplikta svara dei nei på dette spørsmålet. Desse fagarbeidarane har også oppgåver på SFO i kommunen.

Vi snakka med tilsette om dei har arbeidd i fellesskap på skulen med kva som kan vere sårbarheitsfaktorar hos elevar. Ei lærargruppa svarar at dei ikkje har gjort det kollektivt.

Fagarbeidarane forklarar at dei ikkje får informasjon om «kva som skjer» på skulen. Det kan føre til situasjonar der dei ikkje kjenner til om det er elevar dei skal følgje ekstra godt med på. Det blir gitt døme på dette på denne måten: «Eg var overraska fordi eg ikkje visste om at det var ei utfordring. Slikt må eg vite når eg er i den klassen. Det må ha vore eit førelaup der. Det er ting ein kunne ha plukka opp, men som ein ikkje får med seg fordi ein ikkje veit om det.»

Vi tok også opp i intervju at det er gjennomført kompetanseutviklingstiltak ved skulen over tid, i samband med til dømes *Oppfølgingsordninga* og *Læringsmiljøprosjektet*[13]. Vi spurte om i kva grad kompetanseutviklinga har blitt integrert i skulens praksis. Ei lærargruppe svara at «Resultata har ikkje blitt så veldig integrerte», ei anna lærargruppe forklarar at kompetanseutviklinga «forsvinn» og «glir ut i sanden». Det vert vidare forklart at:

> *Det er først i det siste at me har fått på plass handlingsplan, nærværsplan og liknande. Før det har det vore opp til kvar enkelt. Me har ikkje fått nokon opplæring eller informasjon. Det blir opp til kvar enkelt å gi beskjed. Det er framleis ikkje klare rutinar for framgongsmåtar. (...)* Me har ikkje *fått dette under huden. Det blir ein gjetteleik for kvar tilsett. Det er ikkje haldbart.*

Ei tredje lærargruppe fortel at:

> *Skulen er prega av utskifting i leiinga. Det har vore nokre prosjekt som ikkje har blitt evaluerte og fullførte. Det er mykje brannslukking. Her er det mykje forbetringspotensiale. Eg får framleis ikkje svar på spørsmål eg stilte då eg byrja her. Det hjelp ikkje å vera einige i møter viss det ikkje blir gjort noko med problema. Eg opplever at ting blir teke tak i av enkelte eldsjeler, men så forsvinn det.*

Kommunalsjef for oppvekst skriv om behov for å styrke kompetanse på skulen når det gjeld kva og korleis dei tilsette skal følgje med:

> *Skuleeigar vurderer at det er behov for å framleis styrkje kompetansen til dei tilsette når det gjeld kva dei skal observere, korleis dei skal vere aktive og årvakne i observasjonen, og kva observasjonar som skal dokumenterast og meldast vidare. Det er ikkje tilstrekkeleg at dei tilsette*

[13] Læringsmiljøprosjektet | udir.no

er fysisk til stades under inspeksjon. Dei må ha kunnskap om kva teikn og situasjonar dei skal vere særleg merksame på, mellom anna endringar i åtferd, samhandling mellom elevar, utestenging, krenkingar og andre forhold som kan tyde på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Dei tilsette må også kjenne skiljet mellom det som skal observerast som ein del av den ordinære plikta til å følgje med, og når ein observasjon eller bekymring må meldast vidare og dokumenterast som ein del av den vidare oppfølginga av eleven.

Vi snakka med elevane om dei vaksne som har inspeksjon på skulen faktisk følgjer med. Dei forklarar at: «[Det har] Vore tilfelle der dei vaksne ute ikkje følgjer med, og så har elevar blitt banka. [Det]Burde ikkje skje, for det er mange vaksne ute. Bankinga skjer i ballbingen.»

Kontrollspørsmål

Dokumenterer skulen at dei følger med på korleis spesielt sårbare elevar, som det er ein særleg risiko for at ikkje har det trygt og godt, har det?

Våre observasjonar

Skulen må kunne dokumentere korleis dei generelt følgjer med på elevane, til dømes gjennom inspeksjonsrutinar. I tillegg må skulen dokumentere ut frå risiko. Dersom det er ein særleg risiko for at elevar kan bli utsette for krenkingar eller på annan måte ikkje har det trygt og godt blir det stilt strengare krav til dokumentasjon.

I tilsynet har vi fått tilsendt skulens vaktplan og inspeksjonsrutine. Rektor og lærarane viser i eigenvurderingane til desse dokumenta, og at skulen har sett inn ekstra vakthald fordi det har vore mange hendingar i friminutta. Lærarane viser også til at skulen har kartlagt *kva område* som er ekstra sårbare med tanke på at elevar kan gøyme seg vekk. Det blir også vist til mellom anna elevsamtalar og den halvårlege Spekterundersøkinga.

Samla vurdering og konklusjon

Det går fram av observasjonane at skulen har enkelte tiltak for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har mellom anna vaktplan og inspeksjonsrutinar, gjennomfører elevsamtalar og Spekterundersøkingar, og har arbeidd med aktivitetsplikta på planleggingsdagar og i pedagogisk utviklingstid. Det er også sett inn forsterka vakthald i periodar med mange hendingar, og det blir opplyst at det vert lagt særleg vekt på å følgje opp sårbare elevar.

Samtidig viser observasjonane at skulen ikkje har ein tilstrekkeleg felles og innarbeidd praksis for korleis alle tilsette skal følgje med. Vi kan heller ikkje finne at skulen har ei kollektiv og innarbeidd tilnærming til *kva* tilsette skal følgje med på, det vil seie kva som kan gje mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Rektor opplyser sjølv at skulen ikkje har ei spesifikk rutine for korleis dei tilsette skal følgje med, og at dette framleis er eit arbeid som står på planen. Vidare kjem det fram at fleire tilsette ikkje kjenner til eller nyttar eksisterande inspeksjonsrutinar, at fagarbeidarar ikkje har fått opplæring i aktivitetsplikta, og at arbeidet med å identifisere sårbarheitsfaktorar ikkje er gjennomført i fellesskap ved skulen.

Vi legg også vekt på at fleire tilsette forklarer at tidlegare kompetanseutvikling og tiltak ikkje har blitt integrerte i den daglege praksisen. Dei beskriv manglande opplæring, uklare rutinar og at forståinga av korleis ein skal handle i praksis i stor grad er overlaten til den enkelte tilsette. Dette blir understøtta av skuleeigars vurdering av at det framleis er behov for å styrkje kompetansen hos dei tilsette om kva dei skal observere, korleis dei skal vere aktive og årvakne i observasjonane, og kva som skal meldast vidare og dokumenterast.

Vi legg vidare vekt på opplysningane frå elevane om at det har vore tilfelle der vaksne som har inspeksjon ikkje har følgt godt nok med, og at elevar har blitt slått i ballbingen utan at dei vaksne har oppdaga eller gripe inn. Elevane peiker på at dette ikkje burde skje sidan det er mange vaksne ute. Desse opplysningane tyder på at inspeksjonen i friminutta ikkje alltid fungerer slik at dei tilsette fangar opp hendingar og krenkingar som skjer i elevmiljøet, noko som er sentralt i plikta til å følgje med. Vi merkar oss vidare at skulen viser i stor grad til inspeksjon i friminutt, men i liten grad til korleis dei elles følgjer med i undervisningssituasjonar og overgangssituasjonar.

Når det gjeld elevar med særskild sårbarheit, viser observasjonane at skulen er medviten om at enkelte elevar treng tettare oppfølging. Likevel har vi ikkje fått dokumentasjon som viser at skulen på ein systematisk måte følgjer med på korleis desse elevane har det, eller at det er etablert ein felles praksis som sikrar slik oppfølging ut frå risiko.

Etter ei samla vurdering meiner vi derfor at skulen ikkje i tilstrekkeleg grad har sikra at alle som arbeider på skulen aktivt, kontinuerleg og systematisk følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen oppfyller dermed ikkje krava i regelverket om plikta til å følgje med.

Når det gjeld kravet om å dokumentere at skulen følgjer med på korleis elevane har det, vurderer vi at dokumentasjonen ikkje viser godt nok korleis skulen arbeider for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Vi kan heller ikkje sjå korleis skulen dokumenterer oppfølginga av elevar som kan vere særleg sårbare. Dokumentasjonen viser at skulen har nokre tiltak, men ikkje at det finst ein felles og systematisk praksis som er godt innarbeidd og i tråd med regelverket. Dokumentasjonen seier lite om korleis dei tilsette faktisk følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø.

Vi vurderer at regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

7 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å gripe inn

7.1 Regelverk

Plikta til å gripe inn

Alle som arbeider på skulen skal gripe inn mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering når det er mogeleg, jf. opplæringslova § 12-4 første ledd. Plikta er knytt til negativ oppførsel som den tilsette sjølv er vitne til, og som framleis er pågåande.

Dei som arbeider på skulen har berre plikt til å gripe inn når det faktisk er mogeleg å gjennomføre. Kva som er mogeleg, må vurderast ut frå omsynet til både den tilsette og elevane. Den tilsette skal til dømes ikkje stå i fare for å skade seg sjølv eller utsette elevane for unødvendige fysiske inngrep for å stanse situasjonen. Plikta til å gripe inn etter skulemiljøreglane, gir ikkje sjølvstendig heimel til å gripe inn fysisk overfor elevane.

Dersom tilsette på skulen meiner at det er nødvendig å gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at eleven krenker ein annan elev fysisk eller psykisk, må vilkåra i opplæringslova § 13-4 vere oppfylt. Dersom ein tilsett skal gripe inn fysisk, må andre handlingsalternativ ikkje vere tilstrekkelege for å stoppe krenkingane frå eleven. Fysiske inngrep skal ikkje gå lenger enn nødvendig, og må vere eigna til å avverje den aktuelle situasjonen. Inngrepa må vere så få, kortvarige og skånsame som mogeleg. Inngrepet må også stå i eit rimeleg forhold til dei handlingane som den tilsette grip inn mot.

7.2 Våre observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål

Grip alle som arbeider på skulen inn dersom nokon krenkjer ein elev?

Våre observasjonar

Kommunen har sendt oss lenke til dokumentet *Førebyggings- og handlingsplan mot vald og truslar i barnehage og skule Ulvik herad, frå 2024*. Her er det skissert ein framgangsmåte for tilsette som oppdagar vald, når barn er involvert. Om å gripe inn fysisk står det «Dersom ein må gripe inn fysisk bør det om mogleg vere to vaksne til stades. →Gå mellom og prøv å skilje elevane. →Skjerm dei andre elevane vekk.»

På spørsmål om plikta til å gripe inn blir oppfylt ved skulen viser ei av lærargruppene til at skulen har inspeksjonsrutinane. Ei anna lærargruppe viser til at skulen har arbeidd med caser for å øva på når ein grip inn, og korleis. Det blir òg vist til e-læringskurs om reglar for fysisk inngripen overfor elevar. Ei tredje lærargruppe skriv at dei «grip inn når dei observerer krenkingar, mobbing, diskriminering, vald eller andre forhold som påverkar skulemiljøet. Situasjonen vert stoppa så langt det er mogleg, og dei involverte vert følgde opp.» Elles blir det nemnd at ungdomstrinnet har verktøyet konsekvenstrappa.

Når vi spør om dei tilsette opplever at rutinane skulen måtte ha for å gripe inn er til hjelp, svarar ei lærargruppe i intervju at rutinane ikkje er tydelege nok. Dei peiker på at det manglar konkrete føringar for kva ein skal gjere i ulike situasjonar, og skildrar rutinane som noko flytande. Ei anna lærargruppe fortel at det er utvikla eit system for å gripe inn på eit bestemt årssteg, og at det har vore snakk om å integrere dette på resten av skulen. Ei tredje lærargruppe seier det slik i intervju når vi spør om arbeid med risikofaktorar ved skulen : «(…) det er også mange lærarar som er redde for kva som skjer viss dei grip inn. Dei er redde for slag, spark og kommentarar.» Denne lærargruppa seier også:

> *Me manglar eit felles rammeverk og felles forståing av når en skal gripa inn. [Vi] Blir ikkje eingong einige om kva vald er. Det er nokre lærarar som går forbi hendingar som andre ville ha stoppa og avslutta. [Vi]Treng å landa på noko og få ei felles forståing.*

Kommunalsjef for oppvekst skriv i eigenvurderinga at dei tilsette ved skulen har fått grundig og jamleg opplæring i pliktene etter opplæringslova §§ 12-4 og 12-5. Temaet har vore ein del av opplæringa på planleggingsdagar og i utviklingstid, og har omfatta plikta til å følgje med, gripe inn, undersøkje, setje inn eigna tiltak og evaluere tiltaka. Det blir også vist til at Statsforvaltaren gjennomførte opplæring for dei tilsette ved skulen med tema knytt til §§ 12-4 og 12-5 i august. I tillegg har Læringsmiljøsenteret vore ein del av skulen sitt utviklingsarbeid over ein periode på to år, skriv kommunalsjef. Men det blir vidare peika på forhold ved praksisen for å gripe inn ved skulen:

> *Skuleeigar vurderer likevel at det kan vere eit gap mellom kunnskap om plikta til å gripe inn og det å faktisk gripe inn i situasjonen. Gjennom oppfølging av skulen kan det sjå ut til at enkelte tilsette kan vere usikre på eller ikkje vågar å gripe inn i situasjonar der dei burde ha gjort det. Dette kan til dømes handle om usikkerheit knytt til korleis ein skal gripe inn, kor tydeleg ein skal vere, eller kva som er forsvarleg og lovleg å gjere i den konkrete situasjonen.*
>
> *Skuleeigar vurderer dette som eit viktig utviklingsområde. Det er ikkje tilstrekkeleg at dei tilsette kjenner lovverket og kan gjere greie for plikta til å gripe inn. Dei må også vere trygge på å omsetje kunnskapen til handling når dei observerer krenkjande oppførsel. Dei tilsette må ha ei felles forståing av kva situasjonar som krev inngripen, og korleis dei kan gripe inn på ein trygg, tydeleg og forsvarleg måte.*

Om skulens system for å dokumentere at dei grip inn skriv rektor i eigenvurderinga at «Me har eit meldeskjema som heiter meldeskjema på brot 12-4/12-5 som me brukar når me får bekymringar inn eller hendingar». Elles har skulen eit skjema som dei vaksne fyller ut når dei grip inn fysisk. Skulen lagar også rapportar frå alvorlege hendingar som dei legg i elevmappene i websak.

Samla vurdering og konklusjon

Det kjem fram av intervjua og eigenvurderingane at skulen har gjennomført fleire tiltak for å gjere dei tilsette kjende med regelverket. Dei tilsette viser mellom anna til opplæring gjennom planleggingsdagar, arbeid med case, e-læringskurs og opplæring frå Statsforvaltaren. Dette talar for at skulen har arbeidd med å auke kunnskapen om plikta til å gripe inn.

Samtidig viser opplysningane at det er fleire forhold som tyder på at plikta ikkje er tilstrekkeleg innarbeidd i praksis. Ei lærargruppe opplyser at det ikkje finst klare rutinar for kva dei tilsette skal gjere i konkrete situasjonar, og at dette har vore «flytande». Ei anna lærargruppe fortel at det berre er utvikla eit system for inngripen på eitt årssteg, og at det har vore diskutert å utvide dette til resten av skulen. Dette indikerer at skulen manglar eit felles og systematisk rammeverk for korleis dei tilsette skal gripe inn.

Vidare kjem det fram at fleire tilsette opplever usikkerheit knytt til å gripe inn. Ei lærargruppe peikar på at lærarar kan vere redde for reaksjonar frå elevar, som slag, spark eller negative kommentarar. Den same gruppa uttalar at skulen manglar ei felles forståing av når ein skal gripe inn, og at lærarar vurderer situasjonar ulikt. Dei fortel at nokre tilsette går forbi hendingar som andre ville ha stoppa. Desse opplysningane viser at praksisen ved skulen ikkje er lik eller føreseieleg, og at elevar dermed risikerer å møte ulike reaksjonar frå dei tilsette ved same type krenking.

Også skuleeigar peikar på at det kan vere eit gap mellom kunnskap om plikta og faktisk handling i konkrete situasjonar. Kommunen vurderer at enkelte tilsette kan vere usikre på eller ikkje våge å

gripe inn sjølv når dei burde gjort det. Skuleeigar understrekar vidare at dei tilsette må ha ei felles forståing av kva situasjonar som krev inngripen, og korleis dei kan handle på ein trygg, tydeleg og forsvarleg måte. Dette er opplysningar som støttar inntrykket av at skulen framleis ikkje har sikra ein praksis der alle tilsette grip inn når det er nødvendig.

Når det gjeld dokumentasjon, har skulen ulike skjema og rutinar for å registrere bekymringar og alvorlege hendingar. Denne dokumentasjonen seier likevel først og fremst noko om hendingar som er melde eller følgde opp i etterkant. Ho dokumenterer ikkje at alle tilsette faktisk grip inn når dei observerer krenkingar medan dei skjer.

Samla vurderer vi at skulen ikkje har sannsynleggjort at plikta til å gripe inn etter opplæringslova § 12-4 er sikra i praksis. Sjølv om dei tilsette har fått opplæring i regelverket, viser opplysningane at det manglar ei felles forståing av når og korleis ein skal gripe inn, at praksisen varierer mellom tilsette, og at enkelte tilsette er usikre på eller ikkje vågar å gripe inn i situasjonar der dei burde gjort det. Dette inneber ein risiko for at krenkingar ikkje blir stansa når dei skjer. På denne bakgrunnen vurderer vi at skulen ikkje sikrar at alle som arbeider på skulen oppfyller plikta til å gripe inn når det er mogleg.

8 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å melde frå

8.1 Regelverk

Plikta til å melde frå

Alle som arbeider på skulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 12-4 andre ledd. Tidspunktet for når det er nødvendig å melde frå til rektor, må vurderast konkret i kvar enkelt sak. Omsynet til det beste for eleven vil vere grunnleggjande i denne vurderinga. Rektor skal melde frå til skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor, jf. opplæringslova § 12-5. I tillegg skal rektor melde frå til skuleeigaren, med mindre meldinga er openbert grunnlaus. Dersom mistanken eller kjennskapen gjeld ein i leiinga på skulen, skal den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga, melde frå til skuleeigaren direkte, jf. opplæringslova § 12-5.

Det blir ikkje stilt noko formkrav til meldingane. Alle som arbeider på skulen, må kjenne til korleis og når dei skal melde frå.

8.2 Våre observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål

Melder alle som arbeider på skulen frå til rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Melder alle som arbeider på skulen straks frå til rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenka av ein som arbeider på skulen?

Melder rektor frå til skoleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenker ein elev?

Våre observasjonar

Kommunalsjef for oppvekst viser i eigenvurderinga til at tilsette har fått opplæring i pliktene etter opplæringslova §§ 12-4 og 12-5, mellom anna gjennom planleggingsdagar og utviklingstid. Det blir også vist til at «Skulen har rutinar for når tilsette skal melde frå, og det er etablert eit eige skjema for melding og dokumentasjon.»

Skulen og kommunen har sendt inn skjemaet *Melding om mogleg brot på opplæringslova, kap. 12,§ 12-4*. På skjemaet kan ein skildre mellom anna ei «hending» og kva som «er gjort i saka så langt». Ein kan ta stilling til «Behov for vidare oppfølging» og krysse av for om saka er avslutta og om saka gjeld brot på elevens rett til eit trygt og godt skulemiljø.

Vi har også fått tilsendt skjemaet *Saksgang i 12-4 og 12-5 saker – Brakanes skule*. Dette skjemaet gir ein framgangsmåte frå utfylling av skjema «Melding om elevens skulemiljø» til avslutting av ei skulemiljøsak. «Ved avslutting av sak, skal skulen sitt meldeskjema nyttast» står det.

Rektor skriv i eigenvurderinga om kva dei tilsette skal gjere dersom dei har mistanke eller kjennskap til at elevar ikkje har det bra på skulen:

> *Om dei vaksne har mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt læringsmiljø, skal dei vaksne fylle ut eit meldeskjema. Dette skjemaet ligg også på heradet si heimeside. Slik at foreldre kan også fylle ut eit slikt skjema. Dette skjemaet skal leverast til rektor. Om rektor får eit slikt skjema at vaksne krenkjer elev, melder ho til oppvekst sjef som så melder i frå til kommunedirektøren.*

Vi har fått tilsendt to døme på utfylt meldeskjema. I det eine tilfelle var det føresette og skulen som meldte saka, i det andre tilfellet er det føresette som har meldt i frå til skulen. Det går fram av døme nummer to at saka vart meldt av føresette første gong tidleg vår og ein gong til på slutten av skuleåret.

Ei av lærargruppene skriv i eigenvurderinga at dei har arbeidd mykje med kva som kan liggje i omgrepet krenking, men at det ikkje har vore slike saker på deira hovudsteg det siste året. Dei kjenner til «skjema for aktivitetsplikt som skal fyllast ut», men dei har ikkje erfaring med dette på deira hovudsteg.

Ei anna lærargruppe skriv at plikta til å melde vert oppfylt mellom anna ved å informere foreldra om deira rettar etter opplæringslova § 12-4. Vidare skrive dei at «Kontaktlærarar tar stundom sjølve initiativ til å oppretta aktivitetsplan».

Ei tredje lærargruppe skriv at:

> *Når ein tilsett får kjennskap til eller mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt, vert dette meldt til kontaktlærar. Ved alvorlege eller vedvarande forhold vert saka meldt vidare til rektor.*

Når vi snakkar med dei tilsette i intervju om dei har arbeidd med ein felles terskel for når dei skal melde frå til rektor forklarar ei lærargruppe at det har vore diskusjonar på fellestid «..men me har ikkje ein felles terskel. [Det er] Ein del tilsette som tenkjer at det ikkje er noko poeng i å melde vidare, fordi det skjer ikkje noko meir. Ei anna gruppe tilsette fortel at « Viss eg ser at det er gjentakande ville eg ha nytta skjemaet for melding.» Dersom det var mindre ting som hadde skjedd ville dei tilsette ha skrive det ned, slik at dei kunne følgje med på om hendingane gjentok seg. Før skulen fekk meldeskjemaet hadde skulen eit anna system, får vi forklart. Føremålet var då å avdekke om noko var gjentakande. Når vi spør om *når* dei skal melde frå til rektor får vi forklart at dei skal melde i frå i tilfelle der elevane er fysiske mot kvarandre. Dei fortel at dei tenkjer at tilsette på skulen ikkje gjer dette med melding til rektor på lik måte. I intervju reflekterer fagarbeidarane over at det er mykje stygt språk blant elevane «så me burde sikkert skrive eit lass med meldingar.»

Det kjem i liten grad fram i tilsynet kva som er innarbeidd framgangsmåte på skulen for å melde frå til rektor eller skuleleiinga ved mistanke eller kjennskap til at ein vaksen på skulen kan ha krenkt ein elev. Dette involverer spørsmål som til dømes korleis dei tilsette på skulen forstår kva som ligg til at vaksne krenkjer og kor raskt dei skal melde frå.

Vi snakka med fungerande rektor om hen hadde kjennskap til korleis skulen har arbeidd med forståinga av krenkingsomgrepet. Då ble det forklart at «Det er nok sikkert ujamt forstått». Men vedkommande kjenner til at det skal ha blitt meldt i frå om mistanke eller kjennskap til krenking frå vaksen tidlegare.

Når det gjeld spørsmålet om rektor melder i frå til skuleeigar straks ved mistanke eller kjennskap til at ein vaksen kan ha krenkt elevar stadfestar rektor dette slik i eigenvurderinga: «Om rektor får eit slikt skjema at vaksne krenkjer elev, melder ho til oppvekst sjef som så melder i frå til kommunedirektøren.»

Samla vurdering og konklusjon

Det kjem fram av dokumentasjonen at kommunen og skulen har utarbeidd meldeskjema og rutinar for handtering av skulemiljøsaker. Kommunalsjef, rektor og fleire tilsette viser også til at dei har fått opplæring i regelverket gjennom planleggingsdagar og utviklingstid. Dette tyder på at skulen har arbeidd med å gjere dei tilsette kjende med aktivitetsplikta. Men det er også slik at vi tidlegare i rapporten har vist til at det er ei gruppe tilsette på skulen som *ikkje* har fått opplæring i aktivitetsplikta (fagarbeidarar i skule og SFO).

Sjølv om det kjem fram at tilsette har fått opplæring i regelverket viser opplysningane i tilsynet samstundes at det ikkje er etablert ei felles forståing blant dei tilsette for *når* dei skal melde frå til rektor. Ei lærargruppe opplyser i eigenvurderinga at saker om elevar som ikkje har det trygt og godt først blir meldt til kontaktlærar, og at saka berre blir meldt vidare til rektor ved alvorlege eller vedvarande forhold. Ei slik forståing er ikkje i samsvar med regelverket, som krev at all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø skal meldast til rektor. Regelverket

opnar ikkje for at tilsette kan avvente melding til rektor til forholda blir vurderte som alvorlege eller gjentakande.

Andre opplyser at dei særleg ville melde frå i tilfelle der elevar er fysiske mot kvarandre. Tilsette fortel vidare at melding til rektor ikkje blir praktisert likt av alle. Desse opplysningane viser at dei tilsette i stor grad gjer eigne vurderingar av om og når saka skal meldast vidare til rektor, framfor å melde frå når dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Når det gjeld plikta til å melde frå ved mistanke om eller kjennskap til krenking frå ein vaksen på skulen, kjem det i liten grad fram av dokumentasjonen korleis denne plikta er gjort kjent og innarbeidd blant dei tilsette. Tilsynet gir få opplysningar om korleis skulen har arbeidd med forståinga av kva som kan vere krenking frå vaksne, eller kva som ligg i kravet om å varsle straks. Fungerande rektor opplyser sjølv at forståinga av krenkingsomgrepet truleg er «ujamt forstått». Dette kan tyde på at skulen ikkje har sikra ei felles forståing av når plikta til å melde frå etter § 12-5 blir utløyst.

Det er dokumentert at rektor kjenner til plikta til å melde frå til skuleeigar dersom ein tilsett kan ha krenkt ein elev. Tilsynet gir likevel ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere med at alle tilsette kjenner til når og korleis dei skal melde frå til rektor i slike saker, eller å melde frå til skuleeigar dersom det er ein i leiinga som blir mistenkt for krenking av elevar.

Vi vurderer at skulen ikkje har sannsynleggjort at alle som arbeider på skulen melder frå til rektor når dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dokumentasjonen og intervjua viser at dei tilsette ikkje har ei felles forståing av når meldingsplikta blir utløyst, og at melding til rektor i fleire tilfelle blir avgrensa til saker som blir vurderte som alvorlege, gjentakande eller særleg omfattande. Vidare er det ikkje sannsynleggjort at skulen har sikra ei tilstrekkeleg felles forståing av plikta til straks å melde frå ved mistanke om eller kjennskap til krenking frå ein tilsett.

Regelverket i opplæringslova §§ 12-4 og 12-5 om plikta til å melde frå til rektor og skuleeigar er difor ikkje oppfylt.

9 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å undersøke

9.1 Regelverk

Plikta til å undersøkje saka

Skulen skal snarast undersøkje saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 12-4 andre ledd. Dette gjeld også dersom saka gjeld krenking frå ein som arbeider på skulen. Kven på skulen som skal undersøkje saka på vegner av skulen, må skulen fastsetje konkret.

Undersøkinga skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for opplevinga til eleven og kva for nokre forhold i omgivnadene til eleven som påverkar korleis eleven opplever

skolemiljøet. Skulen skal gjere dei undersøkingane som det etter ein fagleg standard er rimeleg å forvente i kvar enkelt sak. For å kunne setje inn eigna tiltak til det beste for barnet i ein konkret situasjon må skulen gjere nødvendige undersøkingar.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei, jf. opplæringslova §§ 10-1 og 10-2. Skulen og skoleeigaren må oppfylle retten elevane har til å bli høyrde, for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, men også andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt saka skal undersøkjast, må vurderast opp mot kva som etter ei fagleg vurdering innanfor rimelege grenser kan forventast. Her er omsynet til det beste for eleven eit viktig moment. Når det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenkjer, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka. Skulen og skuleeigaren må undersøkje effektivt og så raskt som mogleg.

9.2 Våre observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål

Undersøker skulen saken snarast ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen?

Gjer skulen og skuleeigar dei undersøkingane som er rimeleg å forvente?

Dokumenterer skulen og skuleeigar kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta i den enkelte sak?

Våre observasjonar

I eigenvurderingane frå dei tilsette blir det vist til at personalet er gjort kjent med plikta til å undersøke, til dømes ved gjennomgangar av opplæringslova § 12-4 på planleggingsdagar og i utviklingstid. Skulen skal også ha rutineskildringar som omtalar plikta til å undersøke, men nokre av dei tilsette fortel at dei ikkje har erfaringar med det. Nokre skriv at kontaktlærarane undersøker saka dersom dei får mistanke om at ein elev ikkje har det bra på skulen, eller foreldre/elev sjølv tar kontakt om dette. Undersøkingane kan skje «gjennom elevsamtalar, undersøkingar, observasjonar, samtalar med andre lærarar/medelevar, Spekterundersøking». I ei eigenvurdering står det at saka blir undersøkt «snarast».

Ifølgje ei av eigenvurderingane blir referat frå samtalar med eleven lagt i Websak. I ei anna eigenvurdering står det at dokumentasjon frå undersøkingane «blir samla i Websak saman med vurderingar, aktivitetsplanar og evalueringar. Skulen arbeider for ein einsarta dokumentasjonspraksis i alle saker».

Rektor skriv også i si eigenvurdering at skulen har undersøkande samtale med eleven, og kallar inn dei føresette til samarbeidsmøte. I tillegg tek skulen ny Spekterundersøking om det trengs, og dei brukar ein god del observasjonar av miljøterapeut. All dokumentasjon frå desse undersøkingane blir lagra i mappa til eleven i Websak.

Kommunalsjef for oppvekst vurderer i si eigenvurdering at skulen har etablert rutinar og kompetanse for å undersøke. Miljøterapeuten har ei sentral rolle i undersøking av skulemiljøsaker,

og gjennomfører kartleggingar og analyse. Miljøterapeuten gjennomfører også observasjonar og deltek i samtalar med elevar. Skuleeigar har også delteke i evalueringsmøte etter ønske frå enkelte føresette, og har slik fått direkte innsyn i korleis skulen undersøker og følgjer opp konkrete saker. Kommunalsjefen skriv at ho har avdekt eit forbetringsområde når det gjeld tidspunktet for oppstart av undersøkingane. Undersøkingar blir ikkje alltid sette i gang raskt nok etter at skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I intervju med dei tilsette viser nokon til at Spekter er den viktigaste framgangsmåten når skulen skal undersøke, og at dette blir gjort to gangar i året. Det blir også vist til at dei kan ta i bruk «ekstra observasjon», og at dei har fått noko opplæring i korleis ein best kan observere. I følgje ei av gruppene har skulen ikkje noko system for korleis resultat frå undersøkingar skal analyserast. Ein tilsett sa at «det er vanskeleg å finne tid til å setje seg ned og diskutere det og gå gjennom det».

I intervju med fungerande rektor viste vi til at skulen har hatt mange skulemiljøsaker den siste tida, og vi spurde om kva inntrykk ho har av korleis skulen undersøker kva problem som må løysast i desse sakene. Ho fortalde då at ho opplever at dei tilsette kan bli usikre, «og at foreldra styrer mykje kva som står i planen. Me må styrka dei tilsette».

I dokumentet «Internkontrollskjema» har rektor kryssa for at «Rektor undersøker saka» ved å kalle inn foreldre og barn til samarbeidsmøte. Ho skriv vidare at foreldre ofte seier «at eleven ikkje vil vere med på t.d. samarbeidsmøte», og at «Eleven får høve til å uttale seg frå skulen enten i eit møte eller samtale».

I dokumentet «Saksgang i § 12-4 og § 12-5 saker – Brakanes skule» står det at undersøkingar skal settast i gang «straks etter mottak av melding», og det blir vist til at undersøkingar kan vere observasjon, samtalar, ikkje-anonyme undersøkingar eller kartleggingsverktøyet Spekter. Det står også at det skal førast logg over aktivitetane.

I den innsendte dokumentasjonen finn vi døme på undersøkingar som er gjort i ei konkret sak, som referat frå ein undersøkande samtale med ein elev og notat frå observasjonar. Vi finn også døme på samanstilling av funn frå skulen sine undersøkingar i ei konkret sak. Utover dette har vi fått lite dokumentasjon frå undersøkingar som er gjort, eller kva planar og rutinar skulen har for å gjennomføre undersøkingar.

I elevsaker Statsforvaltaren har behandla i vår rolle som handhevingsmyndigheit etter opplæringslova § 12-6 det siste året, har vi sett døme på at skulen etter vår vurdering har undersøkt saka godt nok. Vi har også sett døme på det motsette, at skulen ikkje har skaffa seg nok kunnskap om eleven sin situasjon. I nokre tilfelle har ikkje eleven si stemme blitt høyrt, eller skulen har ikkje lagt eleven si subjektive oppleving til grunn. Vi har også sett døme på at skulen ikkje har starta undersøkingar raskt nok etter at dei blei kjende med at elevar opplevde eit skulemiljø som ikkje var trygt og godt. Når det gjeld dokumentasjon, har vi i fleire saker fått tilsendt referat som samtalar med eleven og/eller føresette, og svar frå Spekter-undersøkingar. Vi har også ved nokre høve fått tilsendt skulen si analyse eller oppsummering etter funn frå undersøkingane.

Samla vurdering og konklusjon

Slik vi vurderer det, er dei tilsette kjende med plikta til å undersøke. Dei er kjende med ulike verktøy og metodar som er relevante for å undersøke skulemiljøsaker. I nokre elevsaker har vi også sett at skulen har undersøkt saka i tråd med regelverket.

Samstundes har vi sett døme på saker som ikkje er undersøkt snarast. Gjennom vår saksbehandling har vi sett døme på saker der elevar over tid har hatt manglande utbyte av opplæringa, og vist teikn på at skulemiljøet deira ikkje har vore trygt og godt, utan at vi kan sjå at skulen har undersøkt dette. Når nokre av dei tilsette fortel at dei ikkje har erfaring med undersøkingar, er dette også noko som kan tyde på at skulen ikkje har ein felles praksis for når plikta til å undersøke er utløyst. Dette blir også trekt fram som eit forbetringsområde av kommunalsjefen.

Vi har også sett døme på saker som ikkje er undersøkte grundig nok, eller at eleven ikkje er høyrt i tråd med regelverket. Vi har sett lite dokumentasjon som viser kva rutinar skulen har for kva undersøkingar som skal gjerast, og av kven. Ifølgje internkontrollskjemaet skal rektor undersøke saka, medan nokre av dei tilsette fortel at kontaktlærarane undersøker. Nokre av dei tilsette fortel også at det er vanskeleg å finne tid til å diskutere funn frå undersøkingane, noko som kan tyde på at skulen ikkje alltid samanstiller eller analyserer funna.

Samla sett vurderer vi det slik at skulen sin praksis på området ikkje er forankra i ein felles framgangsmåte, men at arbeid med undersøkingar blir personavhengig eller av andre grunnar ulik frå sak til sak. På bakgrunn av dette finn vi det ikkje sannsynleggjort at regelverket om plikta til å undersøke etter § 12-4 er oppfylt.

10 Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø – plikta til å sette inn tiltak

10.1 Regelverk

Plikta til å setje inn tiltak
Når ein elev sjølv seier at ho eller han ikkje har det trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, skal skulen snarast rette opp situasjonen med eigna tiltak, jf. opplæringslova § 12-4 andre ledd.

Kva for nokre tiltak som er eigna, krev faglege og konkrete vurderingar. Meininga til eleven og omsynet til det beste for eleven er viktige moment i denne vurderinga. Kva for nokre tiltak som er eigna, må vurderast konkret, og dei kan vere retta mot både individnivå, gruppenivå og systemnivå.

Samla sett skal skulen gjennomføre dei tiltaka som innanfor rimelege grenser kan forventast i kvar enkelt sak. Kor raskt skulen må setje inn tiltak, må vurderast konkret i kvar enkelt sak. Skulen må fastsetje konkret kva for nokre tilsette som faktisk skal gjennomføre tiltaka.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, har skoleeigaren eit særleg ansvar for at skulen snarast set inn tiltak.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når han set i verk tiltak. Dette følgjer av § 12-4 tredje ledd. I planen skal det stå kva for eit problem tiltaka skal løyse, kva for nokre tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som skal gjennomføre tiltaka, og når tiltaka skal evaluerast.

Plikta til å dokumentere

Skulen har plikt til å dokumentere arbeidet dei gjer for å oppfylle dei ulike delane av aktivitetsplikta. Skulen skal sørge for ein forsvarleg og hensiktsmessig dokumentasjon av arbeidet sitt.

10.2 Våre observasjonar og vurderingar

Kontrollspørsmål

Set skulen snarast inn tiltak for å retta opp situasjonen?

Rettar skulen og skuleeigar opp situasjonen med eigna, tilstrekkelege og lovlege tiltak dersom ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt?

Rettar skuleeigar opp situasjonen med eigna tiltak dersom ein elev har eit skulemiljø som ikkje er trygt og godt grunna moglege krenkingar frå nokon i skuleleiinga?

Lagar skulen eller skuleeigar ein skriftleg tiltaksplan som oppfyller dei innhaldsmessige minimumskrava i den enkelte sak?

Følgjer skulen opp tiltaka, evaluerer dei verknaden av tiltaka og gjer dei nødvendige justeringar av tiltaka?

Våre observasjonar

I eigenvurderingane til dei tilsette kjem det fram at nokre av dei tilsette ikkje har eigen erfaring med tiltaksplikta, men veit at skulen har eit skjema for aktivitetsplikta. Andre skriv at skulen opprettar aktivitetsplanar når det er avdekt at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, og at tiltaka er utarbeidd i samarbeid med heimane og eleven sjølv. Ei anna gruppe skriv at tiltaka blir tilpassa den konkrete situasjonen, og nemner ei rekke døme på tiltak, som «auka vaksennærvær, oppfølgingssamtalar, klassemiljøtiltak, samarbeid med føresette, konfliktløysing og oppfølging gjennom ressursteam». Denne gruppa skriv også at tiltaka blir evaluerte jamleg og justerte ved behov. Evalueringar blir dokumenterte og lagra i Websak.

Rektor skriv i si eigenvurdering at skulen har eit skjema for aktivitetsplan, og at tiltaka tek utgangspunkt i undersøkingane som er gjennomførte og problemformuleringa. Ofte kjem skulen fram til tiltak i lag med foreldra. Nokre gonger byrjar skulen med tiltaka «så fort som mogeleg». Skulen har ifølgje rektor også eit evalueringsskjema som blir brukt når dei evaluerer tiltaka i aktivitetsplanen.

Kommunalsjef for oppvekst skriv elles i si eigenvurdering at skulen utarbeider aktivitetsplan når det blir sett inn tiltak. Skuleeigar føl opp skulemiljøsaker «gjennom faste, vekevise administrative møte med rektor». Kommunalsjefen har identifisert at gjennomføringa av tiltak i enkelte tilfelle har vore utfordrande.

> *Dette kan mellom anna ha samanheng med «fråvær blant tilsette, at enkelte trinn har fleire aktivitetsplanar som skal følgjast opp samstundes, eller at det er mange tilsette knytte til ein klasse og ikkje alle har fått tilstrekkeleg informasjon om kva tiltak som skal gjennomførast.(...) For å redusere denne risikoen har skulen lagt til rette for faste klassemøte knytte til oppfølging av aktivitetsplikta. Møta skal sikre at dei tilsette som arbeider rundt klassen, har felles informasjon og forståing av aktuelle saker, ansvar og tiltak. Tiltaka blir også tekne opp og evaluerte i profesjonsfellesskapet.*

Kommunalsjefen har også identifisert utfordringar med dokumentasjonen av skulen si oppfølging i enkelte saker. Ho skriv at «referat frå møte og vidare oppfølging kan vere mangelfulle eller vanskelege å finne att».

Ei gruppe tilsette fortalde i intervju at mangel på informasjon gjer det vanskeleg å vite kva tiltak som er sett inn for elevar, og det er difor vanskeleg å vite korleis dei skal handtere ulike situasjonar.

I dokumentasjonen finn vi skulen sin mal for aktivitetsplan, og ein utfylt aktivitetsplan i ei konkret sak. Vi finn også skulen sitt skjema for evaluering av tiltak, og eit døme på utfylt skjema.

I sakene Statsforvaltaren har behandla etter oppll. § 12-6 har vi konkludert med at tiltaksplikta ikkje har vore oppfylt. Dette gjeld også saker som har blitt behandla i 2026. I nokre av sakene har vi vurdert at skulen ikkje har formulert ei dekkande problemformulering som får fram dei faktorane som bidreg til at eleven ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø. Vi har også funne døme på at tiltak ikkje blir gjennomførte som planlagt. Vi har også i minst ei sak etterlyst meir kraftfulle tiltak, fordi situasjonen har forverra seg trass i at skulen har sett inn tiltak.

Samla vurdering og konklusjon

Det er vår vurdering at dei tilsette er kjende med plikta til å sette inn tiltak, og at skulen har ein mal for aktivitetsplan. Samstundes finn vi det ikkje sannsynleggjort at skulen har ein praksis som sikrar at dei set inn eigna og tilstrekkelege tiltak, og viser til Statsforvaltaren sine konklusjonar i skulemiljøsakene som er behandla etter oppll. § 12-6. I samband med tilsynet har vi også funne lite informasjon om korleis skulen gjer dei pedagogisk-faglege vurderingane av kva tiltak som kan vere eigna i konkrete saker. Kommunalsjefen og fleire tilsette fortel også at tiltak ikkje alltid blir gjennomførte.

Vi vurderer det slik at skulen har ein praksis for å evaluere tiltak, men vi kan ikkje sjå at eleven og dei føresette alltid blir involverte. Slik vi les det utfylte dømet på evalueringsskjema, ser det ut til at kontaktlærar har gjort evalueringa. Skjemaet viser at kontaktlærar både har vurdert gjennomføring og effekt av tiltaka. Det er noko uklart for oss om skulen alltid oppdaterer aktivitetsplanane etter å ha evaluert og eventuelt justert tiltaka.

Når det gjeld plikta til å lage ein skriftleg plan, vurderer vi det slik at skulen har ein mal for aktivitetsplanar som oppfyller dei innhaldsmessige minimumskrava. Korleis skulen fyller ut planane vil likevel avgjere om planen faktisk inneheld det som krevst, til dømes om skulen får fram kva problem som må løysast. Som nemnt har vi funne døme på at problemskildringa ikkje alltid er dekkande.

Samla sett har vi kome til at kommunen ikkje sikrar at regelverket om å sette inn tiltak og lage ein skriftleg plan etter oppll. § 12-4 blir oppfylt.

11 Oppsummering

I samband med tilsynet er vi gjort kjende med at ulike instansar og foreldrerepresentantar har meldt i frå til skulen om uro for skulemiljøet over tid. Dette er indikasjonar på risiko, som i eit internkontrollsystem som er tilpassa og systematisk, skal påverke vurderinga av kva som er nødvendige rutinar og prosedyrar i organisasjonen.

Vi har fått tilsendt ei svært stor mengde dokumentasjon frå skulen og kommunen i tilsynet, men det har vore vanskeleg å slå fast kva som er kommunens systematiske internkontrollarbeid som er tilpassa kommunen og skulens «størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold». Dette er eit overordna internkontrollkrav til kommunen i arbeidet med å sikre at lover og forskrifter vert følgt i dei kommunale tenestene.

Vi er kjende med at skulen har delteke i kompetanseutviklingstiltak over tid og vi får opplyst at skulen har valt arbeid med klasseleiing som eit satsingsområde i haust. Kommunalsjef for oppvekst skriv vidare om ulike tema for oppfølging av skulens praksis i eigenvurderinga. Dette er tema som peikar framover og som ikkje er integrert i skulens og kommunens system og praksis i dag. Tiltak for å auke skulens kompetanse kan gje større tryggleik for at tilsette utfører oppgåver riktig og i samsvar med regelverket. Men kompetanseutvikling er ikkje aleine tilstrekkeleg for å sikre regelverksetterleving. I tillegg må skuleleiaren følgje med på, og forsikre seg om at tilsette utfører oppgåvene slik verksemda har planlagt.

Samla viser observasjonane at skulen har fleire rutinar og tiltak på dei aktuelle områda, men at arbeidet i for stor grad er fragmentert, personavhengig og manglar felles forståing, systematikk og forankring i praksis. Det er avdekt manglar knytte til mellom anna vurdering av elevane sitt utbytte av opplæringa, det førebyggjande arbeidet med skulemiljøet, plikta til å følgje med, gripe inn, melde frå, undersøkje saker og setje inn eigna tiltak i skulemiljøsaker. Dokumentasjonen og intervjua viser at praksisen varierer mellom tilsette, at fleire plikter ikkje er tilstrekkeleg innarbeidde, og at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at krava i opplæringslova blir oppfylte. På denne bakgrunnen vurderer vi at regelverket i ikkje er oppfylt. Kommunen har dermed ikkje dokumentert ein internkontroll som er tilstrekkeleg systematisk, heilskapleg og tilpassa verksemda til å sikre etterleving av krava i opplæringslova.

12 Varsel om pålegg om retting

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi varslar at vi vil gjere vedtak kor vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. opplæringslova § 29-2, jf. kommunelova § 30-4:

Kommunen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Kommunen skal sikre at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova §§ 10-1, 10-2 og 11-2, jf. opplæringsforskrifta § 9-11, jf. kommunelova § 25-1. Dette inneber at kommunen må sørgje for at:

- lærarane vurderer om endringar i elevane sitt læringsmiljø kan bidra til å auke eleven sitt utbytte av opplæringa

Kommunen sitt arbeid for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Kommunen må sikre at skulen arbeider kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 12-3, jf. kommunelova § 25-1. Dette inneber at kommunen må sørgje for at:

- skulen arbeider kontinuerleg for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø
- skulen arbeider med å praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø

Kommunen skal sikre at alle som arbeider på skulen oppfyller plikta til å følgje med på korleis elevane har det, jf. opplæringslova § 12-4, jf. kommunelova § 25-1. Dette inneber at kommunen må sørgje for at:

- alle som arbeider på skulen følgjer med på korleis elevane har det
- skulen dokumenterer at dei følger med på korleis elevane har det

Kommunen skal sikre at alle som arbeider på skulen oppfyller plikta til å gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev, jf. opplæringslova § 12-4, jf. kommunelova § 25-1. Dette inneber at kommunen må sørgje for at:

- alle som arbeider på skulen grip inn dersom nokon krenkjer ein elev

Kommunen skal sikre at alle som arbeider på skulen oppfyller plikta til å melde frå ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 12-4 og 12-5, jf. kommunelova § 25-1. Dette inneber at kommunen må sørgje for at:

- alle som arbeider på skulen melder frå til rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

- alle som arbeider på skulen straks melder frå til rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenka av ein som arbeider på skulen
- alle som arbeider på skulen melder frå til skoleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenker ein elev

Kommunen skal sikre at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova § 12-4, jf. kommunelova § 25-1. Dette inneber at kommunen må sørgje for at:

- skulen undersøkjer saka snarast ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen
- skulen gjer dei undersøkingane som er rimeleg å forvente
- skulen og skuleeigar dokumenterer kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta i den enkelte sak

Kommunen skal sikre at skulen og skuleeigar ivaretek plikta til å sette inn eigna tiltak slik at elevane får eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 12-4, jf. kommunelova § 25-1. Dette inneber at kommunen må sørgje for at:

- skulen set inn tiltak snarast for å retta opp situasjonen
- skulen og skuleeigar rettar opp situasjonen med eigna, tilstrekkelege og lovlege tiltak dersom ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt
- skuleeigar rettar opp situasjonen med eigna tiltak dersom ein elev har eit skulemiljø som ikkje er trygt og godt grunna moglege krenkingar frå nokon i skuleleiinga
- skulen og skuleeigar lagar skriftlege tiltaksplanar som oppfyller dei innhaldsmessige minimumskrava i den enkelte sak
- skulen følgjer opp tiltaka, evaluerer verknaden av tiltaka og gjer dei nødvendige justeringar av tiltaka

13 De kan gje tilbakemelding på rapporten

De har rett til å uttale dykk før vi gjer vedtak, jf. forvaltningslova § 16. De kan uttale dykk om alt i rapporten. Der inneber vår beskriving av fakta, vår forståing av lova, våre vurderingar og våre reaksjonar. Dersom de meiner rapporten inneheld feil, bør de grunngi kvifor.

Frist for tilbakemelding er 1. desember 2026.

På bakgrunn av uttalen frå dykk vil vi vurdere om det er grunnlag for å endre innhaldet i rapporten. Dersom vi held fast ved vår konklusjon om at tilsynet har avdekt brot på regelverket, vil vi gjere vedtak.

De har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

14 Generell informasjon

Klagerett

Denne førebelse tilsynsrapporten er eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16, og kan ikkje klagast på. Dersom vi i den endelege tilsynsrapporten gjer vedtak om regelverksbrot og eventuelle reaksjonar, vil det vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b som de kan klage på, jf. forvaltningslova § 28.

Innsyn

De er part i saka og har rett til innsyn i dokument i saka, jf. forvaltningslova § 18. Andre har innsyn etter offentleglova § 3, dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

Annen informasjon

Våre tilsyn er offentlig myndighetsutøving. Tilsyn skal difor gjennomførast i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av opplysningar på https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/personvern-for-barnehage-og-skole/behandling-av-personopplysninger-i-tilsyn/

Leikanger og Bergen 16. november 2026.

Lill Mona Solberg	David Hellgren-Hansen	Inger Alice Andersen
tilsynsleiar	seniorrådgjevar	seniorrådgjevar